



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
77/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	19.11.2018
84/2018	Kommunestyret	PS	10.12.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 205, FA - M60	18/1231

### RENOVASJONSGBYR 2019

#### Vedlegg:

Pristabell renovasjonsgebyr Vaksdal kommune 2019  
Rammebudsjett for lovpålagt renovasjon i BIR konsernet 2019

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyr på vegne av Vaksdal kommune, Jfr. §12 i «Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning». Renovasjonsgebyret tilhører Vaksdal kommune.
2. Prisen på renovasjonstenesta for 2019 vert redusert med 0,5 %, med unnatak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra.

Kommunalt påslag vert sett til kr.0,- for 2018.

Vaksdal kommune vedtek renovasjonsgebyr i medhald av vedlagte prismatrise.  
Jmf. vedlegg: Renovasjonsgebyr 2019 Vaksdal kommune (Pristabell 2019).

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 77/2018

#### FPØ - Behandling:

I medhald av forvaltningslovens § 6 e) punkt 2 vedtok formannskapet samrøystes at Heidi Rongved er ugild i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### FPØ - Tilråding:

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyr på vegne av Vaksdal kommune, Jfr. §12 i «Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning». Renovasjonsgebyret tilhører Vaksdal kommune.

2. Prisen på renovasjonstenesta for 2019 vert redusert med 0,5 %, med unnatak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra.

Kommunalt påslag vert sett til kr.0,- for 2018.

Vaksdal kommune vedtek renovasjonsgebyr i medhald av vedlagte prismatrise.

Jmf. vedlegg: Renovasjonsgebyr 2019 Vaksdal kommune (Pristabell 2019).

## **Kommunestyret - Sak 84/2018**

### **KOM - Behandling:**

Heidi Rongved ba om at habiliteten hennar vart vurdert. I medhald av forvaltningslovens § 6 e) punkt 2 vedtok kommunestyret samrøystes at Heidi Rongved er ugild i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **KOM - Vedtak:**

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyr på vegne av Vaksdal kommune, Jfr. §12 i «Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning». Renovasjonsgebyret tilhøyrrer Vaksdal kommune.
2. Prisen på renovasjonstenesta for 2019 vert redusert med 0,5 %, med unnatak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra.

Kommunalt påslag vert sett til kr.0,- for 2018.

Vaksdal kommune vedtek renovasjonsgebyr i medhald av vedlagte prismatrise.

Jmf. vedlegg: Renovasjonsgebyr 2019 Vaksdal kommune (Pristabell 2019).

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn for saka/ Formelt grunnlag**

Gjennom Forureinsingslova er kommunane pålagt eit ansvar for at innsamling av hushaldningsavfall frå private husstandar og hytter skjer på ein forsvarleg måte. Kommunane avgjer sjølv korleis dette skal skje. Vaksdal kommune delegerer på same måte som dei øvrige eigarkommunane denne oppgåva til BIR AS som igjen har delegert den til BIR Privat AS.

Alle eigarkommunane i BIR AS, handsama og vedtok ny «Forskrift om handtering av avfall frå hushald» i 2013. Vaksdal kommunestyre vedtok forskrifta KS-sak 32/13, den 30.09.2013. Ny forskrift tok til å gjelde frå 01.03.2014. Forskrifta er heimla i «Forureiningslova», §§ 30, 31, 33, 34, 37, 48, 49, 50, 79, 83, og 85.

Forskrifta sin § 12 omhandlar: «Delegert mynde til å fatte einskildvedtak m.m.» «Mynde til å fatte einskildvedtak etter denne forskrifta er delegert frå kommunen til BIR med heimel i forureiningslova § 83 andre ledd. Kommunen si oppgåve med å krevje inn gebyret kan delegarast til BIR.»

Budsjettet i BIR Privat AS byggjer på sjølvkostprinsippet. Det rekneskapsmessige resultat for

selskapet skal avsetjast mot eit sjølvkostfond. BIR Privat AS skal over ein femårsperiode styrast mot eit nullresultat.

Med bakgrunn i at BIR skal ha lik pris på likt tenestetilbod er det viktig at alle våre eigarkommunar vedtar like prisar. Styret i BIR Privat AS har vedteke budsjett for 2019 og prisane på lovpålagte tenesteleveransar for 2019.

Forureinsingslova §34 fastsett at det er kommunen som skal fastsette renovasjonsgebyret. BIR Privat AS fastsett pris for tenesteleveransen. Styret har vedteke at prisane på fakturerbare gebyrtenester skal setjast ned med 0,5 % for 2019. For gjenvinningstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon vert prisane uendra. Eventuelt kommunalt påslag/deponiavgift skal den enkelte kommune fastsette.

Frå og med budsjettåret 2019 er grunnpåslag for bossnett og grunnpåslag for renovasjon slått saman til ein grunnpris for renovasjon og vil framkomme på kundens faktura.

### **Vurdering og konsekvensar**

BIR Privat AS skal arbeide for eit best mogeleg tenestetilbod til konkurransedyktig pris. Eigarkommunane har sett krav om at selskapet skal ha ei føreseieleg prisutvikling. Dette meiner BIR Privat AS er oppfylt i inneverande budsjett.

I tillegg til gebyr for innsamling og handtering av avfallet, skal kommunen syta for inndecking av etterdrifts- og kapitalkostnader ved den nedlagte avfallsplassen i Geitabotn. For 2019 vert det kommunale påslaget kr 0,- . Påslaget skal haldast uendra i 3år for å tømme fondet på renovasjon.

Det vert elles vist til budsjettvedlegg. Av vedlegget «Pristabell renovasjonsgebyr 2019 Vaksdal kommune» (Pristabell 2019), går det fram kva dei enkelte teneste kostar.

Framlegg til vedtak er likelydande i alle eigarkommunane.